

Årsmelding og rekneskap 2004



**LUSTER
ENERGIVERK AS**

www.lusterenergiverk.no

Generalforsamling

Generalforsamling for Luster Energiverk AS vert halden i Banksalen Gaupne måndag 25.04.05 kl. 16.00

SAKLISTE

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteleiar, referent og 2 medlemar til å skrive under møteprotokoll
3. Årsmelding for 2004
4. Rekneskap, herunder disponering av overskot
5. Godkjenning av honorar til revisor
6. Val av styre i samsvar med vedtektene
7. Val av valnemnd
8. Orienteringssaker

Sakstfang til generalforsamlinga vert utsendt til dei aksje-eigarane som ber om det, og vert elles lagt ut på heimesida til Luster Energiverk AS www.lusterenergiverk.no og på energiverket sitt kontor frå 18.04.05.

STYRET

Framsdebilde

Skåldøla i Jostedal Foto: Stein Fossen

STYRET

Styret hadde fylgjande samansetjing i 2004:

Stein Næss (styreleiar), Per Hauge (nestleiar), Herman Bremer, Jens K. Nes, Kristen Ormberg og Arvid Skjerven.

Varamenn i rekkefylgje har vore:

Steinar Molland, Jarle Sperle, Arne Kvalen og Anny Fossøy Norberg.

Arvid Skjerven og Anny Fossøy Norberg er valde av og mellom dei tilsette.

VALNEMND

Johan Solheim (leiar), Laila Gjerde og Magnar Høyum

STYRESAKER

Det har vore halde 9 styremøte og 43 saker har vore handsama.

HELSE, MILJØ OG SIKKERHEIT (HMS)

- Selskapet er tilslutta Sogn Bedriftshelseteneste.
- Sjukefråvær i 2004 var på 9,50%. Dette er ein reduksjon på 1% frå året før. Av sjukefråværet kjem 8,5% frå langtidsfråvær.
- Selskapet har eige AMU (arbeidsmiljøutval) med representantar frå arbeidsgjevar- og arbeidstakersida.
- Det har vore halde kurs i driftsforskrifter og fyrstehjelp for driftspersonalet, og for tilsette på installasjonsavdelinga.
- Det har vore halde kurs i fyrstehjelp for alle tilsette.
- Fleire tilsette har delteke på ymse faglege kurs.
- Det er utarbeidd Beredskapsplan for ulukker og unormale situasjonar i krig og fred.
- Det er eigen beredskapsplan for Sage Kraftverk i samband med vassdragsulukker.
- Drifta til selskapet fører ikkje til påviseleg forureining av det ytre miljøet.

ØKONOMI

På slutten av året 2002 fekk kundane våre tilbod om fastpris-kontrakt på 3 år. Prisen vart fastsett på grunnlag av gjennomsnitts innkjøpskostnader i 3 års perioden. Då kostnader skal fylgje rekneskapsåret, gav 2003 med høg innkjøpspris på straum negativt resultat for kraftomsetninga. For 2004 er resultatet for kraftomsetning på kr. 3.788.053,-.

Nedgang i den risikofrie renta og effektiviserings krav førde til reduksjon i inntektsråma frå NVE på kr. 829.000,-. Dette saman med store kostnader på tap i nettet, fører til reduksjon i overskotet på nettdrift.

Driftsresultatet for 2004 er kr. 5 874 668,-.

Netto finansinntekter kr. 4.472.598,-.

Resultat etter skatt kr. 8.100. 630,-.

Størst tilskot til drifta gav kraftomsetning med kr. 3.788.000,- som er ein auke på kr. 6.115.000,- i høve til 2003. Vidare gav distribusjonsnett kr. 2.014.000,- (- kr. 302.000,-),

Installasjon kr. 29.000,- (- kr. 32.000,-), Arbeid for andre kr. 211.000,- (- kr. 204.000,-) og fiber - kr. 168.000,- (kr. 94.000). Økonomien i verksemda er god, med ein eigenkapitalprosent på 81,6. Sjølv etter deltaking med aksjekapital i Sage Kraftverk AS, lån til Sognekraft og kjøp av egne aksjar er likviditeten god. Rekneskapan er oppsett under forutsetning av fortsatt drift.

Investeringar som er planlagde i 2005, vert finansiert utan låneopptak. Det etterfylgjande oppsett syner rekneskapan for distribusjonsnett.

REKNESKAP NETT 2004 (i 1000 kr.)

Salsinntekter	16.943
Attendeført mindreavk.	-218
Attendeført renter	-179
Andre leigeinntekter	87
Meiravkastning 2004	-547
Sum driftsinntekter	16.086
Nett-tap	1.218
Overføring	1.074
Lønnskostnader	4.376
Andre driftskostnader	4.187
Avskrivningar	3.217
Sum driftskostnader	14.072
Driftsresultat	2.014


NVE har for 2004 fastsett tariffinntekt til 14.944.000.

I tillegg kjem kostnaden til overordna nett, eigedomsskatt og attendeført mindreinntekt.

DRIFTSMIDLAR NETT

Eigne driftsmidlar	35.573
Andel av felles driftsmid.	770
Sum	36.343

ÅRSOVERSKOT ETTER SKATT



SALDO MEIR/MINDREINNTEKT

1993 Mindreavkastning	-291
1994 Meiravkastning	1.429
1995 Mindreavkastning	-84
Saldo 31.12.95	1.054
1996 Mindreavkastning	-68
1996 Attendeført	-380
Saldo 31.12.96	606
1997 Mindreinntekt	-481
Attendeført meirinntekt	-674
Saldo 31.12.97	-549
Attendeført mindreinntekt	52
1998 Mindreinntekt	-280
Korrigert for renter	17
Saldo 31.12.98	-760
1999 Attendeført	481
1999 Mindreinntekt	-760
Saldo 31.12.99	-1039
2000 Attendeført	280
2000 Mindreinntekt	-345
Saldo 31.12.00	-1104
2001 Attendeført	760
2001 Mindreinntekt	735
Saldo 31.12.2001	-1080
Endringar i levert energi	1292
Korrigert saldo 31.12.01	-2372
2002 Mindreinntekt	1037
Saldo 31.12.2002	-3409
2003 Korrigert	-345
2003 Attendeført	-735
2003 Mindreinntekt	1434
Saldo 31.12.2003	3.763
2004 Attendeført	-218
2004 Mindreinntekt	-547
Saldo 31.12.2004	2.998

Attendeført i tariffar for 2005

Mindreinntekt	1301
Renter 2004	128
Totalt attendeført	1429

EFFEKTIVITET I DISTRIBUTJONSNETTET

Overføring av elektrisk kraft er ei monopolverksemd. For å sjå til at kraftransporten vert gjort så effektivt (billeg) som mogleg, er NVE sett til å føreta denne monopolkontrollen. NVE har også for perioden 2002 til 2006 vidareført vårt

effektiviseringskrav på 3,5%. Nettleiga vil nødvendigvis bli dyrare i vestlandsterreng enn på flate tettbygde strøk. Til tross for den spreidde busetnaden og svært lange linjer er vi mellom dei aller rimelegaste nettselskapa i fylket. Dersom vi korrigerer for statlege avgifter og prisstigning, så er nettleiga redusert med om lag 10% i den siste 10 års perioden.

I 2001 vart forskrifta om "Kvalitetsjusterte inntektsrammer ved ikkje levert energi (KILE)" gjort gjeldande. Målet til NVE er at den skal bidra til at kraft vert overført til rett pris og leveringskvalitet. Dessutan at nettet vert utnytta og utbygd på ein sikker og rasjonell måte.

Alle energiverka har fått tildelt ein sum "ramme" på grunnlag av feil i nettet dei siste 3 åra før perioden starta. For vår del er denne summen kr. 703 000 for 2004. Kompensasjonen for kvar ikkje-levert kWh er fastsett av NVE.

Overført frå 2001	kr 287 000
Tildelt ramme 2002	kr 482 000
Kompensasjon 2002	kr 541 000
Overført til 2003	kr 228 000
Tildelt ramme 2003	kr 703 000
Kompensasjon i 2003	kr 764 306
Overført til 2004	kr 166 694
Tildelt ramme 2004	kr 703 000
Kompensasjon 2004 i eige nett	kr 382 500
Kompensasjon 2004 i andre nett	kr 149
Korrigering 2002	kr 8 163

Overført til 2005 **kr 495 208**

KONKURRANSE FRÅ ANDRE LEVERANDØRAR

I den frie kraftmarknaden kan kundane kjøpe kraft der dei får den billegast. Mange leverandørar marknadsfører seg difor i periodar med låg kraftpris. Luster Energiverk er oppteken av å tilby kundane kraft til rett pris.

SAMARBEID

Samarbeidet mellom energiverka er vorten ein naturleg del av arbeidsdagen. I takt med effektivitetskrava, som vert stilt til nettselskapa, er ein avhengig av alle former for kostnadsreduksjonar. Samarbeidet mellom energiverka på vestlandet (Kjøpekraft Vest) har ført til gunstige avtalar på kabelkjøp, transformatorar, tovegskommunikasjon m.m. I tillegg har ein gjennom samarbeidet heva kompetansen på produktkunnskap og teknologi.

SAGE KRAFTVERK

Sage kraftverk vart skipa den 14.august 2000. Luster kommune og Luster Energiverk har 50% kvar av aksjekapitalen. Sage kraftverk har avtale med oss om drift av kraftverket.

PLANAR

Arbeidet med den nye 22kV linja mellom Luster og Skjolden er det mest resurskrevjande arbeidet vårt. Alt arbeidet vert gjort ved hjelp av egne resursar. Erfaringane med det nye vernet i Leirdøla vil bli vurdert i løpet av året. Dersom erfaringane er positive, vil vi i løpet av 2006 forsøke å innføre same system i heile forsyningsområdet. Fjernstyringssystemet vårt bør utvidast for ytterlegare betring av forsyningsikkerheita. Vi vil intensivere arbeidet mot dei sentrale styresmakter for betre rammevilkår, og for å få forståing for dei grunnleggande utfordringane som distriktsverka møter i den daglege drift.

STRATEGI OG FRAMTIDSUTSIKTER

Luster Energiverk har i alle år satsa på god og framtidretta fornying og vedlikehold av linjenettet. Dette har gjeve resultat i form av færre og kortare avbrot.

Som kraftleverandør får vi stadig nye krav, både med omsyn til pris og valmulegheiter. For å møte desse krava, samarbeider vi med andre portefylgjeforvaltarar for å kunne tilby eit fleksibelt system for kundane våre.

Luster Energiverk vil samarbeide med Luster kommune om utnytting av konsesjonskrafta til beste for kundane/innbyggjarane.

Vi vil bidra aktivt for at potensialet i mini- og mikro kraftverk kan utnyttast på ein samfunnsøkonomisk måte. Vi vil samarbeide med grunneigarane og industrielle aktørar for å minimere risikoen i utbyggingane.

Luster Energiverk vil samarbeide med dei lokale aktørane for at flest muleg skal få tilgang til nye produkt på breibandsida. Vi vil fortsatt arbeide for ein god økonomi i selskapet som gjev rett pris til kundane og avkasting til eigarane.



Montering av spole i Leirdøla Foto: Hallgeir Hatlevoll

For at vi skal vere ein del av lokalsamfunnet i framtida vil vi framleis arbeide for:

- Effektivisering i eigen organisasjon
- Nytte nye teknologiske løysingar for meir effektiv drift.
- Vurdere alle former for samarbeid som fører til at vi vert meir konkurransedyktige.
- Ha ein organisasjonskultur og arbeidstilhøve som gjer at vi kan halde på dei tilsette.

DISPONERING AV OVERSKOT

Styret gjer framlegg om at overskotet for 2004 på kr 8 100 630,- vert fordelt slik:

Utbytte kr 400,- per aksje	kr 3 130 400,-
Tilføring disposisjonsfond	kr 4 970 230,-
	kr 8 100 630,-

Styret for Luster Energiverk AS, 04. mars 2005

Stein Næss

Stein Næss
(Styreleiar)

Per Hauge

Per Hauge

Herman Bremer

Herman Bremer

Kristen Ormberg

Kristen Ormberg

Jens K Nes

Jens K Nes

Arvid Skjerven

Arvid Skjerven

Svein Halveg

Svein Halveg
(everksjef)

I ein marknad der kraftprisen etter norske forhold er høg, vil den også danne grunnlaget for mange meiningar. Det norske vasskraftsystemet er svært avhengig av nedbøren, men også svært fleksibelt opp mot andre produksjonssystem. Dette er ein del av grunnlaget til den jamne prisen vi har opplevd i 2004. Årspris Nord Pool har i 2004 vore (utanom avgifter) 24,6 øre/kWh, medan juni og juli vart levert til 26,7 øre/kWh og 25,3 øre/kWh. Kanskje kan dette året bli trendsetjande for ei betre utveksling mot utlandet og ein meir stabil pris over heile året?

Forsyningsnettet vårt er av svært god kvalitet. 2004 har vore eit år med få lange avbrot. Den positive tendensen med meir stabil straumforsyning ser ut til å fortsetje. Eit langt linjnett, som er naudsynt i Luster, vil likevel alltid vere utsett for tilfeldige avbrot. Vi har investert i nytt og moderne fjernstyringssystem. Det gjer at vi kan fjernstyre fleire av dei kritiske komponentane som igjen fører til kortare responstid. Vi har investert i ny teknologi i Leirdøla for å hindre kortvarige avbrot. Vi har redusert dei kortvarige avbrota frå denne stasjonen til nesten null sommaren 2004. Dersom dei positive erfaringane fortset, vil vi forsøke å få eit samarbeid med Sognekraft om å få brukt same teknologi i Årøy kraftverk.

NVE vil utarbeide nye vilkår for inntektsramma til energiselskapa. Vi har engasjert oss gjennom KS for å få best muleg vilkår i framtida og samstundes utbetre ein del av svakheitene med dagens regulering.

Samarbeidet med Luster Sparebank og Luster kommune har synt at potensialet for småkraftverk i Luster er stort. I fylgje NVE si kartlegging har Luster kommune det største potensialet i landet for småkraftverk under 10 MW. Gjennom prosjektet ser vi at svært mange av fall-eigarane ikkje ynskjer å bli eksponert for risikoen det er å bygge kraftverk. Vi arbeider difor for å etablere eit samarbeid med ein industriell partner for å fjerne risikoen for falleligarane.

Sage kraftverk har vorte drifta av oss. Etter ein periode med ulike testar og prøvar, har kraftverket no fungert godt. Gjennom dei sommarprisane vi har opplevd, så har Sage eit fint overskot i 2004. Gjennom Sage Kraftverk har vi også teikna avtale med grunneigarane til Kvåle kraftverk. Det skal innhentast tilbod på byggsida og på elmek. Endeleg avklaring på konsesjonssøknaden er utsett til vårparten. Vi har også arbeidd med å finne løysingar for utnytting av fallrettane våre på Døsen kraftverk.

Breibandsutbygginga er framleis eit aktivt satsingsområde. Ein ser samarbeidsgevinstar med dei andre energiverka på ulike tekniske løysingar. Kommunen har betra intertrafikken, og Datapart har bygt løysingar både for private og næringslivet. Saman med Statkraft, Luster kommune, Statnett og Telenor har vi starta fiberutbygging frå Gaupne til Bjørkehaug. Denne utbygginga skal vere ferdig i løpet av sommaren 2005.

Eigarstrukturen i Sognekraft AS har vore uendra. Luster Energiverk AS er no tredje største eigaren, etter BKK og Vik kommune.

ORGANISERING OG DRIFT I 2004

1. Organisasjon, administrasjon, personale

1.1 Selskapsform

Luster Energiverk AS vart skipa i 1915.

I 1983 fusjonerte selskapet med L/L Hafslo Kraftlag og L/L Jostedal Kraftlag.

Aksjekapitalen er på kr 21.657.500, fordelt på 8.663 aksjar pålydande kr 2.500.

1.2 Medlemskap i andre organisasjonar

Luster Energiverk AS er medlem i:

- LVK / IDE
- Norges Elektroentreprenørforbund
- Sogn og Fj. Elektroentreprenørforbund
- Sogn og Fjordane Energilag
 - Kommunenes Sentralforbund
 - Sogn BHT

1.3 Revisjon

Revisjonen er utført av Deloitte & Touche, avd. Sogndal.

Fiberarbeid Jostedalen

Foto: Stein Fossen



1.4 Administrasjon

Administrasjonsstad er Gaupne, i bygg leigd av ANS Luster Kraftlag.

1.5 Personale

Pr. 31.12.2004 hadde selskapet 23 heiltidstilsette. 1 var tilsett i 80%, 2 tilsett i engasjement. I tillegg hadde selskapet 3 lærlingar på kontrakt.

2. Eigedomar og vedlikehald av desse

2.1 Døsen Kraftverk

Bygd i 1915, ikkje i drift. Kraftverket kan nyttast i samband med omvisning o.l.

2.2 Transformatorstasjonar

Døsen bygd i 1939, modernisert i 1986. Transformator 1450 kVA, spenning 21/5 kV. 2 utgåande 22 kV kablar. 1 utgåande 5kV linje.

2.3 Fordelingsnett

2.3.1 Høgspenning fordelingsnett

22 kV: linjer 207,55 km, jordkablar 32,654 km
5 kV: linjer 1,20 km, jordkablar 0,500 km

2.3.2 Vedlikehald og nyanlegg høgspenning linjer

- Det er bygd ny 22kV linje frå Kvåle til Ottum i Luster. Lengde 1900 m.
- Det er bygd ny 22kV universalkabel på stolperekke til nettstasjon Jostedal Industriområde på Gjerde, lengde 170 m.

Nye høgspenning jordkabelanlegg

- 400m 22kV høgspenning kabel mellom Ungdomsskolen og Paxar NTP i Gaupne.
- 410 m 22kV høgspenning kabel mellom Dale skule og ny nettstasjon Luster Omsorgsenter.
- 340 m 22 kV høgspenning kabel mellom omsorgsenteret og ny nettstasjon på Kvåle.
- 320 m høgspenning kabel til ny nettstasjon Hestnes 2 på Hafslø.

2.3.3 1000V Anlegg

1,94 km linje og 4 stk. transformatorar.

2.3.4 Lågspenningnett

263,80 km linjer og 84,76 km jordkablar.

2.3.5 Fordelingstransformatorar

231 stk. trafoar 21/0,24 kV
3 stk. trafoar 21/0,415 kV
2 stk. trafoar 5/0,23 kV
1 stk. trafoar 5/0,415 kV
4 stk. trafoar 1/0,23 kV

Samla transformatorstyring er 37.508 kVA

2.4 Fjernstyring, sambandsutstyr

2.4.1 Fjernstyringsanlegg

- 1 stk. Nettkontrollsentral ved kontoret i Gaupne.
- 2 stk. repeaterar på Marheimsholten og Solvornsgalden.

- 4 stk. fjernstyrte effektbrytarar
- 11 stk. fjernstyrte linjebrytarar
- 2 stk. effektbrytarar på Ormbergstøl er fjernstyrte frå drifts-sentralen til Statkraft Gaupne.

2.4.2 Sambandsutstyr

- 13 stk. GSM mobiltelefonar
- 13 stk. VHF radiostasjonar, 1 av desse er stasjonær, 7 er montert i bilar og 5 er berbare.

2.5 Andre eigedomar

2.5.1 Lager og administrasjonsbygg

Administrasjon og hovudlager er i leigd bygg i Gaupne. På Heggmyrane er det lagerbygg for drifta. På Rønneidsgrandane er det plasthall for grovlager drift.

2.6 Transportutstyr

Energiverket har følgjande transportmiddel:

- 1 stk. kombi lastebil 7,5T m/kran, 1992 modell
- 1 stk. lastebil 13T m/kran 1998 modell
- 10 stk. varebilar, 1989 - 2002 mod.
- 1 stk. stasjonsvogn 2004 modell
- 3 stk. snøscooter, 1986 - 1997 mod.

3. Drift

3.1 Drift av fordelingsnettet

Det har vore 2 driftsforstyringar med utkopling for deler av høgspenningnettet, som hadde varigheit meir enn 2 timar. I samband med planlagt arbeid, reparasjon og vedlikehald for deler av høgspenningnettet, har det vore 23 utkoplingar, som varte i meir enn 20 minutt. 9 av desse var utkoplingar for berre ein nettstasjon om gongen.

I juni 2004 vart det montert "jordslutningsspole" i Leirdøla, og problema med fuglar på linja og andre korte utkoplingar i høgspenningnettet forsynt frå Leirdøla er redusert til eit minimum.

4. Kjøp og sal av kraft

4.1 Maks effektuttak

Maks effektuttak i nettet sin høglasttime var 14,9 MW den 21. januar 2004, time 10.

4.2 Forbruk

Totalforbruket av kraft (inkl. tap) i 2004 var 70.922 MWh mot 69.288 MWh i 2003.

4.3 Sal av kraft 2004

Sal	Kraftsal kWh	Kraftsal Kr.	Nettleige kWh	Nettleige Kr.	Nto oms. Eks.avg. Kr.
3476kunder	64564374	16905344	66107607	16943128	33848472
Sum nettleige	66107607				
Sum tap	4814489				
Sum tot	70922096				

4.4 Overføring

For Statkraft overførde vi 1.394 MWh på vår 22 kV linje mellom Leirdøla og Jostedal Kraftverk.

4.5 Tariffar

I 2004 nytta 75% av kundane seg av fastpris, 8% spotpris og 17% variabel pris. Forbruksavgifta auka frå 9,5 øre/kWh til 9,67 øre/kWh.

5. Kundeforhold, tilsynsaktivitetar, måleaktivitetar, Enøk

5.1 Kundeforhold

Pr. 31.12.2004 var det tilknytt 3476 kundar.

5.2 Tilsynsaktivitet

I 2004 har det i alt vore kontrollert 158 bustader, gardsbruk og næringseigedommar.

Tilsynet har ansvaret for ettersyn og kontroll av elektriske anlegg og har som overordna mål å betre el.sikkerheita i LE sitt forsyningsområde.

Andre viktige område er tilsyn med elektroentreprenørar, omsetningsledd av elektrisk utstyr, helseinstitusjonar og informasjon om elsikkerheit til lag og organisasjonar.

5.3 Måleaktivitet

Det vart til saman montert 113 nye målarar i løpet av året. Dette omfattar både nyanlegg og utskifting av eldre målarar. Ved alle nye næringsbygg vert det no montert måleterminalar med kommunikasjon til stasjonær pc i administrasjonsbygget. Det er og denne typen målesystem som vert nytta ved alle større anlegg.

Frå 2005 vert det krav om tidesmåling hjå alle kundar med forbruk større enn 100 000 kWh.

Den aukande aktiviteten i sluttbrukarmarknaden medfører fleire leverandørskifte og nye rutinar for utveksling av meldingar og måledata mellom leverandørane.

5.4 Enøk

Enova SF vart etablert i 2001 for å vere med å styrke arbeidet med ei miljøvennleg omlegging av energibruk og energi-produksjon i Noreg.

Enova er eit statsforetak som er eigd av olje- og energi-departementet. Enova tek initiativ til og fremjar meir effektiv energibruk, auka produksjon av ny fornybar energi og miljøvennleg bruk av naturgass.

Enova si verksemd vert finansiert gjennom eit energifond, der ein har to inntektskjelder – påslag på nett-tariffen og løyvingar over statsbudsjettet. Påslaget på nett-tariffen vart endra 1. juli frå 0,8 øre/kWh til 1 øre/kWh.

Spørsmål om ENØK kan ein ta opp med Enova på telefon nummer 80049003.

6. Installasjon

6.1 Installasjon

Installasjon hadde ved årsskiftet 5 tilsette i 100% stilling , 1 i 80% stilling og 1 lærling. I tillegg vart til saman eitt årsverk frå kontoradministrasjonen nytta ved installasjon.

Avdelinga har mange faste kundar, noko som gjev jamn og god tilgang på arbeid. Det har også i år vore fokus på brannvarslingsanlegg i landbruket, dette i samband med kampanje frå forsikringsselskap. Vi har og inngått avtalar om kontroll og vedlikehald av anlegg. Som tidlegare har vi installert nybygg for byggfirma i distriktet. Dessutan har det vore mykje ordinært vedlikehaldsarbeid. Fleire næringsdrivande har fått installert innbrotalarm. Vi har og i 2004 utført mange el.sjekkar i landbruk og bustadhus.

Det vart innkjøpt bilar til montørane i 2002, og det har hatt ein positiv verknad på profileringa vår ute i marknaden. Vi blir lagt meir merke til. Ordninga med bilar fungerer godt.

Lys- og varmeutstyr er utstilt og kan kjøpast direkte frå lageret. Dei tilsette har delteke på ymse fagkurs.

6.2 Omsetning og resultat

Omsetninga ved installasjon var i 2004 kr. 5.205.150 (2003 kr. 4.888.812). Resultatet etter at installasjon er belasta med husleige og fellesadministrasjon, viser eit overskot på kr. 29.000 (2003 kr. 61.000).



Montering av tovegskommunikasjonsutstyr i Leirdøla
Foto: Hallgeir Hatlevoll

Driftsinntekter

	Note	2004	2003
Energisal		16.905.344	18.857.712
Energiformidling/trading		1.142.002	52.543
Nettleige		16.943.128	16.613.222
Sal andre varer og tenester		6.150.948	6.169.782
Andre driftsinntekter		1.434.311	1.076.007
Attendeført mindreakstning		-397.000	-801.000
Meir/Mindreavkastning		-547.000	1.434.000
Sum driftsinntekter		41.631.733	43.402.266

Driftskostnader

Energikjøp		13.769.729	21.518.090
Overføring i overordna nett		1.074.305	1.529.529
Varekost andre selde varer og tenester		2.826.609	2.313.979
Løn, folketrygd, pensj. og andre pers.kostnader	2,10	9.846.782	10.315.001
Ordinære avskrivningar	1	3.763.917	3.224.104
Andre driftkostnader	9	4.423.400	4.236.693
Tap på krav/auka avsetning for tap		52.324	61.315
Sum driftskostnader		35.757.065	43.198.711
Driftsresultat		5.874.668	203.555

Finansinntekter og kostnader

Renteinntekter		993.272	1.325.105
Aksjeutbytte frå andre		3.493.814	2.750.310
Rentekostnader		-14.488	-17.534
Netto finansinntekter		4.472.598	4.057.881
Resultat før skatt		10.347.266	4.261.436

Skattekostnad	11	2.246.636	649.753
Årsresultat		8.100.630	3.611.683

Disponering av årsoverskot

Avsett til utbytte		3.130.400	2.034.760
Avsett til annan eigenkapital		4.970.230	1.576.923
Sum disponert		8.100.630	3.611.683

Eigedeler

	Note	2004	2003
Anleggsmidler			
Linjer/teknisk utstyr	1	33.333.000	31.524.000
Bygg, tomtar	1	823.189	218.489
Inventar, utstyr og transportm.	1	3.835.218	3.262.218
Aksjar	6	1.795.279	957.168
Aksjar i dotterselskap	6	11.005.500	11.005.500
Andel ANS Luster Kraftlag	7	3.784.618	3.257.119
Langsiktige fordringar	8	9.267.625	9.170.430
Sum anleggsmidler		63.844.429	59.394.924
Omløpsmidlar			
Varelager	5	1.492.214	1.522.214
Kundekrav	5	10.141.409	8.391.880
Andre kortsiktige krav		4.017.432	4.558.179
Bankinnskott, kontantar og liknande	12	12.512.182	7.462.053
Sum omløpsmidlar		28.163.237	21.934.326
Sum eigedeler		92.007.666	81.329.250

Gjeld og egenkapital


Eigenkapital			
Aksjekapital 8.663 aksjar à kr 2500,-	4,13	21.657.500	21.657.500
Behaldning egne aksjar	4	-2.092.500	-2.092.500
Overkursfond	3	2.979.988	2.979.988
Annan eigenkapital	3	52.547.226	46.284.996
Netto eigenkapital		75.092.214	68.829.984
Langsiktig lånegjeld			82.089

Kortsiktig gjeld

Leverandørgjeld		4.018.613	2.019.276
Betalbar skatt	11	2.571.476	649.753
Skuldig offentlege avgifter		2.808.707	2.686.109
Avsett til utbytte	8	3.130.400	2.034.760
Anna kortsiktig gjeld	8	4.386.256	5.027.279
Sum kortsiktig gjeld		16.915.452	12.417.177
Sum gjeld		16.915.452	12.499.266
Sum gjeld og eigenkapital		92.007.666	81.329.250


Stein Næss
(Styreleiar)

Per Hauge
(Nestleiar)

Svein Halveg
(everksjef)


Arvid Skjerven



Herman Bremer



Kristen Ormberg



Jens K. Nes

1. Avskrivningsplan anleggsmidler (beløp i 1000 kr)

	Transp. midlar	Kontor- utstyr	EDB- utstyr	Telefon Samband	Drifts- utstyr	Lager bygg tomtar	Målar	Linjer og Tekn.utstyr
Kostpris 01.01.03	3202	1471	3226	113	905	220	1645	34605
Tilgang i året	330	0	472	275	20	617	287	4749
Oppskrivning								23771
Samla ord. avskr. 31.12.	2232	1227	3188	153	681	14	630	29792
Bokført verdi 31.12.	1300	244	510	235	244	823	1302	33333
Årets ord. avskrivningar	320	28	257	40	37	12	129	2940
% satsar ord. avskriv.	20%	20%	20%	20%	20%		5%	2,5-20%

2. Tilsette, godtgjerdsløse m.m.

Lønnskostnader inneheld fylgjande postar

	2004	2003
Lønningar	7.291.311	8.143.863
Refusjon av sjukeløn etc.	-261.376	-714.353
Folketrygdavgift	997.151	1.015.225
Pensjonskostnader	1.151.837	1.206.875
Andre lønnskostnader	667.859	663.391
Sum lønnskostnader	9.846.782	10.315.001

Gjennomsnittleg antal årsverk 29 29

Godtgjerdsløse	Everksjef	Styret
Lønn	525.864	114.170
Kollektiv pensjonspremie	85.207	
Anna godtgjerdsløse	39.537	

Årets netto pensjonskostnad	2004	2003
Utbetalt pensjon	133.789	151.613
Årets pensjonspremie	1.151.837	1.206.875
Netto pensjonskostnad	1.285.626	1.358.488

Andre pensjonar er dekkja gjennom KLP.

	2004	2003
Pensjonspremiefondet		
er balanseført med	40.125	40.125

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar for 2004 utgjer kr 79.000,-.
Tillegg for andre tenester kr 39.875,-.

3. Eigenkapital

	Aksjekapital	Eigne aksjar	Overkursfond	Anna eigenkap.	Sum
Eigenkapital 01.01.04	21.657.500	-2.092.500	2.979.988	46.284.996	68.829.984
Endring mindreakkastn.				1.292.000	1.292.000
Årsoverskot 2004				8.100.630	8.100.630
Forslag til utbytte				-3.130.400	-3.130.400
Eigenkapital 31.12.03	21.657.500	-2.092.500	2.979.988	52.547.226	75.092.214

4. Aksjonærtilhøve

Aksjekapitalen til selskapet er på kr 21.657.500,-.

Det er 968 aksjeeigarar i selskapet. Dei største aksjonærane er

Luster kommune	13,4%
Luster Sparebank	5,3%
Luster almenning	2,3%
Gjensidige	2,1%

På generalforsamlinga den 07.06.99 fekk styret fullmakt til å kjøpe inntil 10% av aksjekapitalen. Det er kjøpt 837 aksjar for kr 8 610.036,-, og ingen aksjar er avhenda.

Aksjar i eige av styre og everksjef

Stein Næss, styreleiar	36 aksjar
Per Hauge, nestleiar	10 aksjar
Jens K. Nes	2 aksjar
Hermann Bremer	7 aksjar
Kristen Ormberg	12 aksjar
Arvid Skjerven	20 aksjar
Svein Halveg, everksjef	9 aksjar

5. Vurderingsprinsipp omløpsmidlar

Uteståande krav er oppførde til bokført verdi. Beholdning av salsvarer er sett til forsiktig vurdert verdi av kostpris.

6. Aksjar

Antal aksjar	Selskap	Pålydane	Bokført verdi
610	Sognekraft AS	20000	122000
100	Fjellv. Årdal-Luster	100	0
17	Energiråd	1000	17000
10	Energiråd	1253	12531
1	NEFO	1000	1350
100 B	Sogn Skisenter	100	10000
1	REN AS	1000	1000
10	Sogn Golf	500	5000
113	Datapart AS	1000	475971
85	BioNordic	1000	999999
51	Gjensidige	242	12316
40	Sørsida Eigedom AS	1000	40000
96	Seis	1000	98112
Sum			1795279

Aksjar i dotterselskap

11	Sage Kraftverk AS	1.000.000	11.005.500
----	-------------------	-----------	------------

SAGE KRAFTVERK AS

Luster Energiverk AS eig 11 aksjar i Sage Kraftverk AS. Dette utgjør 50% av aksjane i selskapet.

Investeringa er bokført med	kr	11.005.500
Positivt resultat	kr	139.833
Fordringar	kr	549.694
Eigenkapital	kr	21.798.628

7. Andel ANS Luster Kraftlag

L.E AS har 99,043% andel i ANS Luster Kraftlag.

Resultatrekneskap 31.12.04

	2004	2003
Andel leigeinntekter	830.844	818.616
Andel driftskostnader	-107.862	-176.151
Individuell avskrivning	-421.923	-383.497
Andel driftsresultat	301.059	258.968
Andel renteinntekter	2.324	3.747
Andel rentekostnader	-60.183	-97.159
Andel over/underskot	243.200	165.556
	243.200	165.556

Balanse pr. 31.12.04

Andel omløpsmidlar	801.824	476.432
Andel bygg 1)	4.062.744	4.124.646
Andel uteanlegg 1)	212.392	195.341
Andel eigendelar	5.077.060	4.796.719
Andel gjeld	1.292.442	1.539.600
Andel ANS Luster kr.	3.784.618	3.059.050

Notar til ANS Luster kraftlag

BYGG	2004	2003
Anskaffelseskost 01.01.	10.423.443	9.586.667
Anskaffelseskost 31.12.	10.423.443	9.586.667
Samla av-/nedskr.31.12	6.360.699	5.462.022
Bokført verdi 31.12	4.062.744	4.124.645
Årets ordinære avskr.	421.923	383.497
%sats ord. avskr.	4%	4%

UTEANLEGG

Anskaffelseskost 01.01	212.392	195.341
Anskaffelseskost 31.12	212.392	195.341
Samla av-/nedskr. 31.12	0	0
Bokført verdi 31.12	212.392	195.341
Årets ordinære avskr.	0	0

8. Spesifikasjon av andre fordringar/gjeld

Med atterhald om godkjenning av generalforsamlinga, er det avsett ordinært utbytte for 2004 med kr 400,- pr. aksje, tilsaman kr 3.130.400.

Summar som er inkludert i "Anna kortsiktig gjeld":

Påløpne kostnader	537.594
Skuldig forbruksavgift	1.791.458
Anna kortsiktig gjeld	3.370
Forskotsbetalte renter	1.172.566
Oppgjerskonto Enova	166.830
Balansekonto kraft	-243.782
Feriepengar m.m.	958.220

Langsiktige fordringar

Lån Sognekraft	6.450.000
Pengemarknadsfond	2.747.438
Eigenkapitaltilskot KLP	66.707
Andre langsiktige fordr.	3.480

9. Lager og administrasjonsbygg

Luster Energiverk AS leiger lokale hjå ANS Luster Kraftlag. Leigeavtalen gjeld i 15 år, rekna frå aug. 1989. Leiga i 2004 var kr 687.646.

10. Aktiverte egne investeringsarbeid

I denne posten er eige aktivert investeringsarbeid fråtrekt med kr 2.505.134.

11. Skattekostnad

Resultat før skattekostnad		10.347.266
Permanente forskjellar:		
ANS Luster Kraftlag	365.873	
Utbytte	-3.228.195	
Renter på skatt	-3.996	
Relasjon av aksjar	-12.000	
Endring i midlertidige forskjellar:		
Fordringar	-17.474	
Driftsmidlar	572.265	
Pensjonspremiefond		
Årets skattegrunnlag		8.023.739
Berekena betalbar skatt overskot		2.246.636
Midlertidige forskjellar knytta til:		
	31.12.04	31.12.03
Negative forskjellar:		
Driftsmiddel	5.644.005	5.071.741
Positive forskjellar:		
Pensjonspremiefond	38.950	38.950
Fordringar	48.412	30.938
Grunnlag utsett skatt	-5.556.643	-5.001.853
Utsett skattefordel	-1.555.860	-1.400.519

I samsvar med førebels norsk rekneskapsstandard for behandling av skatt, er midlertidige negative og positive forskjellar som reverserer eller kan reversere i same periode utlikna. Utsett skatt er ikkje oppført i balansen.

Skattekostnad i rekneskapen består av:

Forskjell ilikna og avsett skatt		
Restskatt	324.840	
Berekena betalbar skatt	2.246.636	649.753
Skattekostnad	2.571.476	2.002.948

12. Sperra midlar

Av innestående midlar i kasse og bankinnskot er kr 330.000 sperra til betaling av skattetrekk.

13. Inngangsverdi/Risk-beløp

Inngangsverdi 01.01.1992	kr 1.130,00	pr. aksje
Risk-beløp 01.01.1993	kr 0,43	pr. aksje
Risk-beløp 01.01.1994	kr -11,06	pr. aksje
Risk-beløp 01.01.1995	kr 20,89	pr. aksje
Risk-beløp 01.01.1996	kr 66,19	pr. aksje
Risk-beløp 01.01.1997	kr 61,78	pr. aksje

Risk-beløp 01.01.1998	kr 382,50	pr. aksje
Risk-beløp 01.01.1999	kr 1412,27	pr. aksje
Risk-beløp 01.01.2000	kr 285,89	pr. aksje
Risk-beløp 01.01.2001	kr 445,45	pr. aksje
Risk-beløp 01.01.2002	kr 443,36	pr. aksje
Risk-beløp 01.01.2003	kr 452,81	pr. aksje
Risk-beløp 01.01.2004	kr 214,51	pr. aksje

Kontanstraumanalyse 2004 2003

Kontantstraumar frå drift

Ordinært resultat før skatt	10.347	4.261
Betalt skatt i perioden	-325	-650
Ordinære avskrivningar	3.764	3.224
Tap/vinst sal anleggsmidlar		
Endring i varelager	30	-53
Endring i kundar	-1.749	9.540
Endring i leverandørgjeld	1.999	-4.245
Endring i andre omløpsmid. og andre gjeldspostar	1.761	-6.554
Netto kontantstrøm frå drift	15.827	5.523

Kontantstrøm frå investeringar

Investert i aksjar	-1.138	-76
Investert i ANS Luster Kraftlag	-527	-198
Investert i langsiktig fordring	-541	-154
Innbetaling realisjon av aksjer	315	
Utbet. kjøp varige driftsmiddel	-6.751	-2.960
Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar	-8.642	-3.388

Kontantstrøm frå finansaktivitetar

Netto endring i langsiktig gjeld	-82	-82
Utbytte	-2.034	-2.034
Netto kontantstrøm frå finansaktivitetar	-2.116	-2.116
Netto endring i bankinnskot, kontantar og liknande	5.069	19
Beholdning av bankinnskot, kontantar og liknande 01.01.	7.443	7.443
Beholdning av bankinnskot, kontantar og liknande	12.512	7.462

Verdirekneskap	2004
Driftsinntekter	41.631.733
- forbruk av innkjøpte varer og tenester	22.146.366
= Verdiskaping i eiga verksemd br.	19.485.367
- Kapitalslit (ord. avskr.)	3.763.917
= Verdiskaping i eiga verksemd net.	15.721.450
+ gevinst ved sal av driftsmidlar	
+ finansinntekter	4.487.086
<hr/>	
= Verdier til fordeling i alt	20.208.536
Som er fordelt slik	
Tilsette	9.846.782
Kapitalinnskytarar	
Renter til kredittytarar	14.488
Utbytte til aksjonærar	3.130.400
Stat, kommune	
Skattar og avgifter	2.246.636
Verksemda	
Halde attende for sikring og ny verdiskaping	4.970.230
<hr/>	
Verdier fordelt i alt	20.208.536



Montering av spole i Leirdøla
Foto: Hallgeir Hatlevoll

Nøkkeltal	2004	2003
Omsetning		
Driftsinntekter	41.631.733	43.402.366
Resultat		
Driftsresultat	5.874.668	203.555
Netto driftsmargin	14%	0,5%
Resultat før ekstraord.	10.347.266	4.261.436
Rentabilitet		
Totalrentabilitet	11,9%	5,0%
Eigenkapitalrentabilitet	14,4%	6,3%
Investeringar		
Årets investeringar	7.888.727	2.960.806
Soliditet/kapitaltilhøve pr 31.12		
Eigenkapitalandel	81,6%	84,6%
Likviditetsgrad 1	1,7	1,8
Rentedekningsgrad	714,7	244,0
Personale		
Talet på fast tilsette	24	25
Lærlingar	3	3
Aksjar		
Talet på aksjar	8.663	8.663
Aksjekapital	21.657.500	21.657.500
Forteneste pr. aksje	934,22	416,91



Snøfall Foto: Hallgeir Hatlevoll

Deloitte

Deloitte
Statsautoriserte Revisorer AS
Fjørevegen 19
Postboks 206
6852 Sogndal
Telefon: 57 67 65 70
Telefax: 57 67 65 71
www.deloitte.no

Til generalforsamlinga i

LUSTER ENERGIVERK AS

REVISJONSMELDING FOR 2004

Vi har revidert årsrekneskapen for LUSTER ENERGIVERK AS for rekneskapsåret 2004 som syner eit årsoverskot på kr 8.100.630,- for selskapet. Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til bruk av overskotet. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse og opplysningar i notar. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret og dagleg leiar for selskapet. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.


Vi har utført revisjonen i samsvar med revisorlova og god revisjonsskikk i Noreg. God revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimater, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av forvaltninga av formua og rekneskaps- og intern kontroll-systema i selskapet. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at

- ♦ årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2004 og for resultatet og kontantstraumane i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk i Noreg
- ♦ leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med god rekneskapskikk
- ♦ opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og om forslaget til bruk av overskot er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Sogndal, 4. mars 2005

Deloitte.



Knud Midtun
statsautorisert revisor

Audit • Tax & Legal • Consulting • Financial Advisory.

A member firm of
Deloitte Touche Tohmatsu

Medlemmer av Den norske Revisorforening
Org.nr.: 980 211 282



Hafslo sett frå Mollandsmarki Foto: Hallgeir Hatlevoll



**LUSTER
ENERGIVERK AS**

Gaupnegrandane
6868 Gaupne
Telefon 57 68 29 00

www.lusterenergiverk.no